



Marianne Søgnesand  
Fosse 59  
5919 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/8142 - 23/81028

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
20.10.2023

## Adressetildeling Fagervollen 57, GBNR 56/165

**Administrativt vedtak: Saknr: 1101/23**

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 tilhøyrande forskrift kap.12 og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
56	165	H0101	Fagervollen	57

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### Saka gjeld

Det er godkjent bygging av einebustad på eigdommen gbnr 56/165, som skal ha tildelt offisiell adresse.


### Vurdering

Det er sett av eitt husnummer til kvar tomt her, og ledig husnummer her er nr 57.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Fagervollen. Det kan ikkje klagast på adressenavnet, men på husnummer og på kva adresseveg bygget er adressert til.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme under).

**Husnummerskilt må vere på plass før bygget vert teke i bruk.**

Døme på husnummerskilt:



**Brukseiningsnummer ( bustadnummer):**

I bygg med fleire adresser innanfor same husnummer (ytre inngangsdør) er brukseiningsnummeret ein del av den offisielle adressa. Inngangsdører til dei ulike brukseiningane ( bueiningane) skal merkast med sitt unike brukseiningsnummer.

**Dette merket/ skiltet skal stå på, eller attmed inngangsdøra til leiligheita.**

Døme på brukseiningskilt:



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyning til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen ( der avkøyninga er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Døme på tilvisingsskilt:



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

#### **Regelverk**

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/8142

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Marianne Søgnesand  
Svein-Erik Karlsen

Fosse 59  
Fosse 59

5919    Frækhaug  
5919    Frækhaug